

LOKAL PLAN FOR EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ



(revidert 24.05.2024)

Innhald

1. Innleiing
2. Definisjonar
3. Førebyggjande og haldningsskapande arbeid
4. Avdekking / observasjon
5. Handtering / aktivitetsplikt
6. Kontinuerleg og systematisk arbeid
7. Rutiner for varsling

Vedlegg :

1. Melding og aktivitetsplan om ikkje tilfredsstillande skulemiljø
2. Informasjon til alle tilsette
3. Mal for registreringsskjema for meldingar (rektor)

1. Innleiing

Denne planen handlar om det psykososiale miljøet, heretter kalla skulemiljøet. Planen omfattar mellom anna kva skulen skal gjere dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, og om elevar og foreldre sine høve til å melde saka til fylkesmannen. (Stortinget har vedtatt nytt regelverk om skulemiljø. Det nye regelverket gjeld frå 1. august 2017)

Opplæringslova, kapittel 12 omhandlar elevane sitt skulemiljø.

§ 12-2 : «*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjer helse, inkludering, trivsel og læring*».

Kapittel 12 i opplæringslova skal bidra til at elevane har det trygt og godt på skulen, slik at elevane trivst og kan lære best mogeleg. Reglane om skulemiljøet gjeld ikkje berre elevar i offentlege skular, men også elevar i frittståande skular, jf. privatskulelova § 2-4.

Reglane om elevane sitt skulemiljø gjeld for skulen, leksehjelpordninga og SFO. Skulereglar er regulert i privatskulelova § 5A-7, og bortvising i privatskulelova § 3-10.

Kapittel 12 gjeld i utgangspunktet ikkje på fritida, men dersom elevane opplever noko på fritida som gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, så må skulen likevel **handle i tråd med aktivitetsplikta** fram til eleven har det trygt og godt på skulen igjen.

Skulen og skuleeigar har ei **plikt til å handle i tråd med aktivitetsplikta og dokumentasjonsplikta**, slik at elevens rett blir oppfylt. Skulen skal arbeide **kontinuerleg og systematisk** for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø, jf. oppl. § 12-3.

At skulemiljøet skal vere trygt betyr mellom anna at elevane ikkje skal komme til skade og at elevane skal kjenne at skulen er ein trygg stad å vere. Tryggleik handlar også om å vite at skulen tar tak dersom noko skjer. Dersom skulemiljøet er trygt, men ikkje godt, skal skulen også handle. I førearbeida nemner Kunnskapsdepartementet inneklimaet som døme på ein del av det fysiske miljøet som kan vere trygt utan å vere godt, sjå Prop. 57 L (2016-2017) s. 14.

Skulane skal ha nulltoleranse mot krenkjingar, jf. oppl. § 12 -3. Døma som vert nemnde i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkjingar. Verken direkte handlingar som til dømes hatytringar, eller meir indirekte krenkjingar, som utestenging, isolering og baksnakking skal tolererast. Kva som er ei krenkjing skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegner eller usemjer er krenkjingar. Skulen si oppgåve er også å lære elevar å tenkje kritisk og å respektere andre sine meiningar og overbevisningar, jf. Prop. 57 L (2016-2017) s. 14. Prinsippet om nulltoleranse understrekar kor viktig det er at vi har tydelege haldningar på dette området.

Holmedal montessoriskule legg vekt på:

- å arbeide kontinuerleg og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- at skulen, elevane og dei føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at alle tilsette har ei plikt til å følgje med på om alle elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og ei handlingsplikt til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei får mistanke eller kunnskap om at ein elev vert utsett for krenkande åtferd.
- at tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebygge, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar

Denne planen byggjer difor på følgjande prinsipp:

1. Kontinuerleg og systematisk arbeid (Skulen sitt systematiske arbeid i høve til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø)
2. Førebygging og haldningsskapande arbeid (Tiltak som reduserer risikoen for at elevar blir utsette for krenkjande ord og handlingar)
3. Observasjon/avdekking (Metodar og rutiner skulen nyttar for å avdekke om elevar blir utsette for krenkjande ord og handlingar, eller på andre måtar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø).
4. Handtering / tiltak (Tiltak og rutiner for problemløysing)

2. Definisjonar på krenkande ord og handlingar

Krenkjande åtferd er alle former for åtferd som utilsikta eller tilsikta råkar andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd kan skje som enkelthandling eller gjentekne gonger. Krenkjande åtferd er handling som blir utført utan respekt for andre sin integritet.

- Mobbing er gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskar med å forsvare seg. Gjentatt erting og plaging på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Åtferda må finne stad 2 – 3 gonger i månaden eller oftare for å bli definert som mobbing.
- Utestenging betyr at nokon blir halden utanfor ei gruppe eller ein klasse.
- Vald inneber at nokon nyttar fysisk makt for å skade andre.
- Rasisme inneber at nokon blir plaga eller handsama ulikt t.d. fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.
- Diskriminering betyr at ein person blir trakassert eller handsama dårlegare, t.d. på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.
- Digital krenking betyr at nokon nyttar internett, mobil eller e-post for å sende og spre vondsinna meldingar eller bilete av ein person / situasjon.

(Kjelde: Utdanningsdirektoratet / regelverk)

3. Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

§ 12-3 : Nulltoleranse og systematisk arbeid

“Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.”

Holmedal montessoriskule nyttar desse strategiane for førebyggjande og haldningsskapande arbeid:

- Fokus på tydeleg og involvert leiing, både på skulenivå og gruppenivå.
- Elev – og foreldremedverknad gjennom rådsorgan som elevråd og skulestyre/FAU.
- Systematisk internkontroll og dokumentasjon av elevane sitt skulemiljø
- Avsett bunden tid for kontaktlærarar til elevsamtaler kvar veke (2 timar)
- Aktive og vakne vaksne både ute og inne.

Holmedal montessoriskule har til ei kvar tid fokus på at alle elevar skal oppleve skulen som ein god og trygg arena, både for læring og for sosiale opplevingar. Vi ser det som svært viktig at alle elevar blir handsama på ein respektfull måte både av vaksne og medelevar, og arbeider aktivt for at dette skal skje, både gjennom pedagogikken vår og gjennom ei mengde tiltak som er godt innarbeidde rutinar i skulekvardagen.

Alle elevar skal bli helst på av vaksne med namn, ved starten av skuledagen. Dagen vert også avslutta ved at alle vert ynskte vel heim.

Relasjonskompetanse ser vi som svært viktig, og vi har eit mål om at alle elevar skal bli sett kvar dag, og at dei vaksne skal kjenne alle elevane godt.

Vi er også opptatt av å sørge for at personalet jamnleg treffest på sosiale arenaer utanfor skulen. Vi trur dette er viktig for trivselen for dei tilsette og altså også for elevane.

Elevane i skulen vår går i aldersblanda grupper, der dei eldre elevane både hjelper og inspirerer dei yngre.

Vi er ein relativt liten skule, med god vaksentettleik, og vi organiserer ein del felles aktivitetar på tvers av trinn og grupper i løpet av året: felles tema-arbeid, overnattingstur, julelunsj, påskelunsj, kjøkkengrupper, kulturstund, open skule, sommarmarknad, idrettsarrangement, fjellturar, skidag, badeturar er gode døme.

Vi har eit variert uteområde og ein gymsal som gjer at elevane får høve til å delta i varierte aktivitetar i friminuttet, som er på 1 time. Vi trur at aktivitet er med på å førebyggje uynskt åtferd.

Vi deltek i trivselsleiarprogrammet. Det betyr at 4 trivselsleiarar (elevar) byter på å arrangere felles trivselsleik i friminutta 2 dagar i veka.

Vi nyttar stopp – regelen, som alle elevar skal vere orienterte om.

I Holmedal montessoriskule samarbeider elevane i stor grad, og vi trur dette er med på å skape gode relasjonar som kan vere med og hindre elevane i å utføre krenkjande handlingar mot kvarandre.

«Psykologisk førstehjelp» og Hei-spelet vert nytta for å hjelpe barn til å kunne hjelpe seg sjølv med kjensleregulering og problemløysing.

Kontaktlærarane har bunde 2 timar i veka til elevsamtaler

Jamnleg bruk av møtetid til å snakke om korleis elevane har det.

Helsesjukepleiar er på skulen ein dag i veka.

Fadderordning for dei nye elevane som startar i gruppe 1, og mentorordning for elevane som går over frå gruppe 1 til gruppe 2.

Bruk av friminuttsven, ved behov.

4. Avdekking / observasjon

§ 12-4: Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

“Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.”

Tilsette i Holmedal montessoriskule skal dagleg følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og avdekke tilfelle av mobbing, diskriminering, vald og rasisme. Tilsette pliktar også å melde til skuleleiinga dersom dei utanfor arbeidstida får kjennskap til at det føregår krenkjande åtferd i skuletida.

Holmedal montessoriskule har følgjande rutiner for avdekking:

Tiltak	Ansvarleg
Dagleg kontakt med elevane	Alle tilsette / rektor
Elevsamtale minst 2 gonger pr månad	Kontaktlærar
Utviklingssamtale 2 gonger pr år	Kontaktlærar
Årleg elevundersøking (Udir), 5. – 7. trinn	Kontaktlærar / gruppeleiar
Årleg lokal trivselsundersøking, 1. – 7. trinn	Rektor
Tema i gruppemøte jamnleg	Gruppeleiar / alle tilsette
Tema i morgonmøte / personalmøte jamnleg	Rektor / alle tilsette
Tema i styremøte jamnleg	Styreleiar / rektor
Aktive og vakne vaksne i friminutt	Vaksne som er ute

5. Handtering / aktivitetsplikt

(§ 12-4)

“Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse*
- b. kva tiltak skolen har planlagt*
- c. når tiltaka skal gjennomførast*
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka*
- e. når tiltaka skal evaluerast*

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.”

Elevar og føresette skal oppleve å bli tekne på alvor dersom dei kjem til skulen med bekymring om at ein ikkje har det trygt og godt på skulen, og / eller om ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar. Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd. Elevar som har opplevd å bli utsett for eller sjølv har utsett andre for krenkande ord eller handlingar, skal vite at dei bli følgde opp av skulen også etter at den krenkjande åtferda er avslutta.

Rektor har det overordna ansvaret for at skulen følgjer opp saker som gjeld det skulemiljøet.

Når elev, føresette eller tilsette ved skulen har avdekka at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen, skal skulen sikre sakshandsaming og oppfølging i tråd med lover og forskrifter.

Dersom ein tilsett observerer krenkande åtferd mot elevar, skal ein melde frå til rektor. Dette er ei handlingsplikt som gjeld alle tilsette. Dersom føresette eller andre kjem med munnleg bekymring, skal mottakar av bekymringa melde vidare til rektor.

Avdekking kan vere at tilsette, elevar eller føresette melder frå om at nokon opplever krenkjande ord og handlingar. Skulen skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram, at alle involverte blir høyrde, og rektor skal sørge for at det vert laga ein skriftleg plan med tiltak som skal setjast i gang så snart som mogeleg.

Alle tilsette har ei handlingsplikt som konkret betyr:

- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å gjere undersøkingar raskt
- Plikt til å melde frå til rektor

Dersom ein tilsett med fortsett eller aktlaust bryt handlingsplikta, kan denne straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. Opplæringslova, § 12-9.

Tiltak skulen set inn skal vere kunnskapsbaserte. Desse kan t.d. handle om leing

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-ledelse/>,

arbeid med relasjonar [https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-](https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-relasjonsarbeid/)

[skolemiljo/skolemiljotiltak-relasjonsarbeid/](https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-felleskap-og-miljo/), arbeid med felleskap og miljø

[https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-felleskap-](https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-felleskap-og-miljo/)

[og-miljo/](https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-hjem-skole-samarbeid/), samarbeid mellom heim og skule [https://www.udir.no/laring-og-](https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-hjem-skole-samarbeid/)

[trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-hjem-skole-samarbeid/](https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-hjem-skole-samarbeid/)

auka vaksentettleik, organisering av grupper og elevar, tiltak i høve digitale hendingar, og i særskilde saker kan det også handle om bortvising av elevar eller skulebyte.

§ 12-5: Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

“Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.”

Dei tilsette har plikt til å varsle rektor straks, dersom dei opplever eller vert kjende med at ein kollega utset ein elev for krenkingar. Rektor skal i slike tilfelle undersøke saka straks, gjennom å samtale med både eleven som kan vere krenka og den aktuelle tilsette. Det kan også vere aktuelt å samtale med andre tilsette og føresette. Rektor skal også melde frå til styret i slike tilfelle. Dersom mistanken gjeld rektor, skal den tilsette straks melde frå direkte til styreleiar, og styreleiar pliktar i slike tilfelle å undersøke saka straks, gjennom å samtale med både elev, føresette og tilsette slik at ein får belyst saka så godt som mogeleg før ein treffer eventuelle tiltak.

Rutiner / oppfølging i Holmedal montessoriskule ved observasjon av krenkjande åtferd

	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon
1	Varsling Undersøking og observasjon (umiddelbart)	Rektor / kontaktlærer	Varslingslogg
2	Samtaler med eleven som kjenner seg krenka , for å skaffe informasjon og gje støtte. Skulen skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram.	Rektor / kontaktlærer	Referat i plandok

3	Samtale med eleven som krenkjer Er det fleire som krenkjer, snakkar ein med ein om gangen. Målet med samtalen er å gje beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppe umiddelbart. Gjere avtaler om oppfølging.	Rektor / kontaktlærer	Referat i plandok
4	Samtaler med føresette til eleven som kjenner seg krenka Skulen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak ein kan/bør setje i verk.	Rektor / kontaktlærer	Referat i plandok
5	Samtale med føresette til elev som krenkjer Skulen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak ein kan/bør setje i verk	Rektor / kontaktlærer	Referat i plandok
6	Plan med skildring av problem, tiltak, ansvar og tidsfrist	Rektor	Plandokument
7	Evaluering av tiltak Ved evaluering av tiltak vurderer ein også behov for nye tiltak	Rektor	Referat / evt nye tiltak i plandok
8	Oppfølging Problemsituasjonane må følgjast opp heilt til dei opphøyrer heilt. Alle involverte elevar skal følgjast opp.	Rektor / kontaktlærer	Referat i plandok
9	Dersom krenkjande åtferd ikkje opphøyrer skal andre eksterne partar inn i saka, til dømes PPT, barnevern, politi eller konfliktråd	Rektor / styreleiar	Referat
10	Dersom det er vaksne ved skulen som krenkjer elevar, kan dette bli ei personalsak	Rektor / styreleiar	Plandokument Referat

§ 12-6: Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø i enkeltsaker

“Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Kommunen og fylkeskommunen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig

forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal byte skole, jf. § 13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.”

6. Kontinuerleg og systematisk arbeid

§ 12-3 : Nulltoleranse og systematisk arbeid

“Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.”

Med kontinuerleg meiner vi at det systematiske arbeidet må vere som ein raud tråd i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko ein gjer når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstarten av eit nytt skuleår. Dette arbeidet skal ein drive med heile tida, gjennom heile skuleåret. Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og skal følgjast av personalet når det blir jobba med saker som vedkjem skulemiljøet.

Skuleleiinga har ansvar for den daglege oppfølginga av det systematiske arbeidet. Rektor skal følge med på og har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt og planmessig.

Denne planen skal bidra til at elevane ved Holmedal montessoriskule opplever eit trygt og sosialt skulemiljø. For å sikre at dette er eit levande plandokument, må planen vere kjend for alle partar i skulemiljøet.

Privatskulelova,

Kapittel 5A: Det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skolereglar og plikt til å delta

§ 5A-1. Det beste for eleven

Ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.

§ 5A-2. Elevane sin rett til medverknad

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter denne lova, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning.

§ 5A-3. Samarbeid med foreldra

Skolen skal samarbeide med foreldra om opplæringa til eleven. Departementet kan gi forskrift om samarbeidet mellom skulen og foreldra.

§ 5A-4. Skuledemokratiet

Skulen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skulereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt. Skulen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet. Skulen skal òg hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet.

§ 5A-5. Organiseringa av skuledemokratiet

Kvar grunnskole og vidaregåande skule skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skulen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Kvar grunnskole skal ha eit foreldreråd, der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer. Foreldrerådet kan velje eit arbeidsutval. Skolens styre skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolane skal ha. Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskular, og elevane skal være representerte i organ ved vidaregåande skular.

§ 5A-6. Elevane si plikt til å delta og skolens oppfølgingsplikt

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane. Skolen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (lekser). Det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid.

§ 5A-7. Skulereglar

Skulen skal ha skulereglar om organisering av skuledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skulereglar). Skulen sitt styre kan i slike skulereglar angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skulereglane, og korleis slike saker skal behandlast.

§ 5A-8. Informasjon til elevane og foreldra Skulen skal gi elevar og foreldre den informasjonen dei har bruk for, mellom anna om opplæringa, den enkelte eleven, skulemiljøet og skulereglane, og om dei rettane og pliktene elevane elles har.

Årshjul for Holmedal montessoriskule – Oppl. kap 12 / Privatskulelova, kap 5A

Tid	Tiltak	Korleis	Ansvar	Gjennomført
Aug	Opplæring og informasjon til alle tilsette om §12-4 og skulereglane. Plan for eit trygt og godt skulemiljø. - Kva er eit trygt og godt skulemiljø+ - Kva er krenkjande åtferd? - Kva er terskelen for å gripe inn – førebygging, handlingsplikt? - Når skal ein melde frå?	Planleggingsdagar ved skulestart Gruppeleiarmøte i august Gruppemøte i august	Rektor	
Aug	Gjennomgang av vaktordning i friminutt. Felles forståing i personalet. Kva betyr det å vere	Gruppeleiarmøte i august	Rektor	

	aktive og vakne vaksne? Kva gjer vi når ser elevar som utrygge eller når det skjer krenkjande åtferd?	Gruppemøte i august		
Aug	Orienterer alle elevar om § 12-4, skulereglane og plan for eit trygt og godt skulemiljø. Refleksjon og bevisstgjeringskring trygt og godt miljø og krenkjande åtferd.	Ved skulestart	Kontaktlærar	
Sept	Føresette blir informert om § 12-4, skulereglane og plan for eit trygt og godt skulemiljø. Refleksjon og bevisstgjeringskring trygt og godt miljø og krenkjande åtferd.	Foreldremøte haust Heimeside Felles e-post	Rektor / kontaktlærar	
Sept	Gjennomgang av §12-4, skulereglane og plan for eit trygt og godt skulemiljø i elevråd og styre. Refleksjon og bevisstgjeringskring trygt og godt miljø og krenkjande åtferd..	Elevrådsmøte haust Styremøte haust	Rektor / Styret	
Sept	Ta opp tiltak og aktivitetar vedr skulemiljø i elevråd.	Elevrådsmøte	Rektor / elevrådskontakt	
Nov/ des	Elevundersøkinga 5. - 7. steg	Digitalt i gruppa	Teamleiar, gr 2	
Feb	Presentere resultat elevundersøkinga for personalet, i gruppene, og elevrådet. Refleksjon, drøfting, tiltak.	Gruppemøte Elevrådsmøte	Rektor / elevrådskontakt / styreleiar	
Mars/ april	Gjennomføre lokal trivselsundersøking, 1. – 7. trinn		Kontaktlærar/ Rektor	
April/ mai	Evaluerer av trivselsundersøking, og skulen si oppfølging av § 12-4: elevane sitt skulemiljø i personalet, elevrådet og styret	Personalmøte Elevrådsmøte Styremøte	Rektor / elevrådskontakt / Styret	
Mai/ juni	Drøfte resultat frå elevundersøkinga i personalet, elevrådet og styret. Forebyggjande tiltak	Personalmøte	Rektor	
Mai/ juni	Tilstandsrapport	Styremøte	Rektor / Styret	
Heile året	Fokus på relasjonskompetanse og tydeleg gruppeleiing	Skulevandring (rektor) Observasjon / kollegarettleiing	Rektor / alle tilsette	

7. Rutiner for å melde frå

Krenkjande åtferd er alle former for åtferd som utilsikta eller tilsikta råkar andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd kan skje som enkelthandling eller gjentatte handlingar. Krenkjande åtferd er handling som blir utført utan respekt for andre sin integritet.

Når ein tilsett observerer krenkjande åtferd mot elevar skal vedkommande melde frå til rektor, både om det er andre elevar og om det er tilsette ved skulen som krenkjer. Dersom det er rektor som er den som krenkjer, skal styreleiar ha varslinga. Dette er ei handlingsplikt som gjeld alle tilsette, jf. Lokal plan for eit trygt og godt skulemiljø.

Denne handlingsplikta inneber:

- Plikt til å gripe inn.
- Plikt til å gjere undersøkingar raskt.
- Plikt til å melde frå til rektor

Rektor har då ansvar for vidare handsaming, jf. Lokal plan for eit trygt og godt skulemiljø.

- Plandokument skal inn i elevmappa når det vert iverksett tiltak.
- Rektor avgjer kven som skal følgje opp den enkelte saka. Prinsippet er at saka skal ordnast på lågast mogeleg nivå gjennom kontaktlærar.
- Rektor har ansvar for å ta vare på alle skjema for å kunne vurdere gjentakning av hendingar mot enkeltelev eller fleire elevar.

Dersom aktivitetssplikta ikkje blir oppfylt, kan tilsette straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. Opplæringslova § 12-9

Vedlegg:

ARBEID MED SKULEMILJØSAKER (vedlegg til lokal plan)

Vi må jobbe systematisk og målretta, og har fokus på at:

- **felleskap vert bygt frå første skuledag**, og inkludering er ein planlagd del av skulen sitt arbeid
- **vaksne skal ta ansvar** med tydeleg leiing, relasjonsbygging og struktur
- **sosial læring vært nytta aktivt i undervisninga** gjennom samarbeid, refleksjon og empati som en naturleg del av skuledagen.

Det er viktig å sikre at heile personalet tar ansvar for skulemiljøet. Dei tilsette skal vite kva dei skal gjere dersom dei ser eller mistenker at nokon ikkje har det trygt og godt. Foreldra skal bli trekte aktivt inn i arbeidet, fordi fellesskap vert bygt både heime og på skulen.

[Fortellinger om utestenging og klassemiljø](#)

Undersøke saker:

- 4) Gjennomføre sosiogram om dette ikkje er gjort nyleg
- 4) Sjå nærare på den lokale trivselsundersøkinga
- 4) Samtale med elev(ar) og føresette
- 4) Observasjonar frå tilsette

Tiltaka ein vil prøve skal vere kunnskapsbaserte og baserte på analyser av funn i undersøkinga

Tiltaka skal følgjast tett opp og evaluerast etter ein plan.

Fylle ut skjema «Aktivitetsplan» med både undersøking og tiltak

Rektor skal alltid orienterast – saka skal loggførast